



Arkiv som administrativ og demokratisk ressurs

Strategi for Kommunearchivordninga i Vestland KO 2024-2028

Innhold

Innleiing.....	3
Føremål og bakgrunn.....	3
Tillit og tilgjenge	4
Berekraft.....	4
Strategiområde.....	5
Den administrative funksjonen til arkiva	5
Mål 1: Dokumentasjonen vert skapt	5
Mål 2: Dokumentasjonen er ekte, påliteleg, brukande, dekkjande og sett i samanheng	5
Den demokratiske funksjonen til arkiva	5
Mål 3: Arkiva skal vere sikra.....	5
Mål 4: Folk skal kjenne til at arkiva finst og dei skal vere tilgjengelege:.....	6

Innleiing

Kommunearkivordninga i Vestland KO (forkorta KAV) har fire hovudmål i perioden 2025-2030:

1. Dokumentasjonen vert skapt
2. Dokumentasjonen er ekte, påliteleg, brukande, dekkjande og sett i samanheng
3. Arkiva er sikra
4. Folk kjenner til at arkiva finst og dei skal vere tilgjengelege

Hovudmåla bygger opp under ei forståing av at arkiv har både ein administrativ og ein demokratisk funksjon. KAV jobbar både for å dekke medlemmane sine behov for arkivtenester, men også for å sikre alle innbyggjarane sine demokratiske rettar.

Det er mange grunnar til at folk må ha kjennskap til arkiva. Arkiva har ei viktig rettsleg og administrativ rolle, og kan vere naudsynte for juridiske formål, som bevis i erstatningssaker og rettsaker eller for å bevise eigedomsrettar. Arkiva gir også forskarar, historikarar og studentar tilgang til primærkjelder, noko som er heilt sentralt for å utføre forskning.

Arkiva gir innsikt i historia, kulturen og samfunnet dei representerer, og folk kan lære av fortida og forstå korleis hendingar har forma samfunnet vårt. Vidare inneheld arkiva ofte unike og verdifulle dokument, fotografi, brev og anna materiale som representerer vår kulturelle arv. Å vite om arkiva bidrar til å bevare denne arven for komande generasjonar.

Denne strategien seier først noko om føremålet med og bakgrunnen til KAV. Vidare skisserer den tiltak for å nå måla.

Utkast til strategi vart sendt på høyring til alle kommunane i KAV frå juni til september 2024.

Føremål og bakgrunn

Kommunearkivordninga er organisert som eit kommunalt oppgåvefelleskap, jf. Kommunelova § 19-1. Alle kommunane frå tidlegare Sogn og Fjordane og Vestland fylkeskommune er medlemmar.

Føremålet med samarbeidet er å hjelpe medlemmane med å sikre arkiva. Dette betyr at arkiva til deltakarane vert handterte, tekne vare på og formidla. Kommunearkivordninga skal yte tenester som både sikrar at arkiv vert skapt, at arkiv vert tekne vare på og at arkiv er tilgjengelege for alle som treng dei. KAV yter rådgjevingstenester og er arkivdepot for medlemmane. I tillegg skal vi så langt som mogeleg tilby arkivtenester som medlemmane til ei kvar tid har behov for, som til dømes ordnings- og digitaliseringsoppdrag.

Det er grunnleggande for verksemda vår at det finst arkiv og at det finst kunnskap om arkiva.

Offentleg forvaltning skal dokumentere oppgåvene sine. Dette gjeld både staten, kommunane og fylkeskommunane, og er grunnleggande i ei open forvaltning og eit demokratisk samfunn. Dokumentasjonskravet gjer at det vert skapt arkiv. Desse arkiva har såleis ein funksjon både for dei som dannar arkiva og for innbyggjarane. Det vil seie at arkiva har ein administrativ funksjon for verksemda sjølv og ein demokratisk funksjon for det norske folket.

Tillit og tilgjenge

Kommunearkivordninga skal arbeide for at både den administrative funksjonen og den demokratiske funksjonen til arkiva vert sikra. Verksemda har utgangspunkt i to grunnleggande verdiar: tillit og tilgjenge. Dette er verdiar som vi må setje høgt både som tenesteleverandør og som arkivinstitusjon.

Gjennom tenestene våre skal medlemene i oppgåvefelleskapet få tillit til:

- korleis KAV handterer arkiva
- KAV sin kunnskap om arkiv

KAV skal sjå til at:

- arkiva er tilgjengelege
- at kunnskapen er tilgjengeleg

Berekraft

FNs berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, kjempe mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Dei 17 måla og 169 delmåla skal fungere som ei felles global retning for land, næringsliv og sivilsamfunn. Berekraftmåla til FN skal vere med i KAV sitt planarbeid.

Kunnskap om fortida er viktig for å nå fleire av berekraftsmåla. KAV tek vare på informasjon, kjelder, minne og dokumentasjon om samfunnsutvikling og -endring, som til dømes kulturarv, klimaendringar, teknisk dokumentasjon med meir. Dette støtter opp under utdanningsinstitusjonar og legg grunnlaget for nyskaping og vidareutvikling.

KAV skal ta vare på dekkande og heilskapleg samfunnsdokumentasjon og sikre rettane og interessene til enkeltindivid og grupper. Men av omsyn til berekraft og ressursbruk skal vi også bidra til at kommunane ikkje arkiverer dokumentasjon utan bevaringsverdi.

Desse måla er spesielt relevante for KAV:

- Mål nr. 8, *Anstendig arbeid og økonomisk vekst*: KAV tek vare på eigne tilsette og sikrar deira rettar, og jobbar for økonomisk og organisatorisk berekraft.
- Mål nr. 10, *Mindre ulikskap*: KAV jobbar for å sikre like moglegheiter for innbyggjarane og ta vare på og gje lik tilgang til informasjon.
- Mål nr. 16, *Fred, rettferd og velfungerande institusjonar*: KAV støttar opp under arbeidet til medlemene med å sikre berekraftig utvikling, sørgje for tilgang til rettsvern for alle og bygge velfungerande, ansvarlege og inkluderande institusjonar på alle nivå.

Strategiområde

Kommunearkivordninga skal vere ein trygg, økonomisk og effektiv ressurs for medlemane. Dette krev at ein både som arkivinstitusjon og arbeidsplass jobbar med tiltak som kan fremje effektivitet, utvikling og kvalitet på tenestene. Verksemda til KAV kan delast inn i to strategiområde med eigne mål og tiltak. Dei overordna strategiområda våre er:

1. Den administrative funksjonen til arkiva – dokumentasjonsplikta og dokumentasjonsbehovet til medlemane vert sikra
2. Den demokratiske funksjonen til arkiva – innbyggjarane sin rett til dokumentasjon vert sikra

Den administrative funksjonen til arkiva

KAV skal yte tenester som sikrar den administrative funksjonen til arkiva til medlemane. Det inneber at eigarane skal ha tilgjenge til arkiva og dokumentasjonen i arkiva. Dette føreset at:

Mål 1: Dokumentasjonen vert skapt

Kommunearkivordninga skal hjelpe medlemane slik at dei får dokumentert verksemda si. KAV arrangerer konferansar, kurs, driv rettleiing og stiller i møte der vi arbeider saman med medlemane når det er behov og ønskje om det.

Tiltak

- Bidra med rutinar og kunnskap om krav til system som sikrar produksjon og fangst av dokumentasjon.
- Sikre at vi har nok bemanning og relevant kompetanse
- Stille med rettleiarar, malar og instruksar
- Gje kurs, opplæring og råd

Mål 2: Dokumentasjonen er ekte, påliteleg, brukande, dekkjande og sett i samanheng

Kommunearkivordninga skal hjelpe medlemane med verktøy og rutinar som sikrar kvaliteten på arkivarbeidet. KAV utviklar malar og rettleiarar, og hjelper medlemane med å kartlegge dokumentasjonskrav og lage kontrollrutinar.

Tiltak

- Bidra med verktøy og kunnskap til å dokumentere arkivarbeidet og arkiva
- Bidra med verktøy og kunnskap som gjer at arkivarbeidet vert omfatta av internkontrollen til medlemane

Den demokratiske funksjonen til arkiva

KAV skal sikre den demokratiske funksjonen til arkiva til medlemane, og skal jobbe for å sikre dokumentasjon om samfunnet og fremje offentlegheit og demokratisk deltaking.

Mål 3: Arkiva skal vere sikra.

Kommunearkivordninga skal ha depot som dekker medlemmane sine behov, og skal ta i mot og forvalte arkiv uavhengig av format.

Tiltak

- Sikre at KAV har gode lokale som tek omsyn til alt frå mottak, sanering av skada og skadeleg materiale, ordning, mellombels oppbevaring, permanent oppbevaring, fleksibilitet, arbeidsmiljø og effektiv betening og tilgjenge både for dei tilsette og for publikum.
- Sikre at fysiske og digitale depot oppfyller forskriftsmessige krav og behov som gjer at arkiva er sikra for ettertida.
- Jobbe for å ha tilstrekkeleg og riktig bemanning og kompetanse.
- Ha gode og oppdaterte verktøy og rutinar.

Mål 4: Folk skal kjenne til at arkiva finst og dei skal vere tilgjengelege:

Kommunearkivordninga har eit ansvar for å formidle informasjon om arkiva, og gjere dei tilgjengelege. KAV skal formidle på ulike plattformer og mot ulike målgrupper.

Tiltak

- KAV skal formidle i digitale og analoge medium.
- KAV skal løfte fram arkiva våre i ulike arrangement, åleine og saman med andre
- KAV skal samarbeide med utdannings- kunnskaps- og kulturinstitusjonar, om formidling av arkiv.
- Informasjon om arkiva skal vere tilgjengeleg
- KAV skal tilby tilgang til arkiva, både fysisk og digitalt, i samsvar med gjeldande regelverk